

Oppsummering av møte nr. 2 i styringsgruppa for prosjektet «Fagleg plattform, profil og strategi», HiB, onsdag 5. oktober kl. 12.00-1500

Styringsgruppe

- Knut Steinar Engelsen, HSH, prosjektleiar
- Eva Haukeland Fredriksen, HiB
- Geir Anton Johansen, dekan, HiB
- Anne Robbestad, dekan, HSH
- Randi Skår, dekan, HiSF (*møtte ikkje*)
- Stein Joar Hegland, dekan, HiSF
- Tina Åsgård, tillitsvald for NTL/LO Stat, HiB
- Joar Sande, tillitsvald for Akademikerne, HiSF
- Marit Breivik, tillitsvald for Norsk sykepleieforbund, HiB
- Cecilie Fredheim, student, HSH
- Per Walther Lassen, student, HiSF
- Eigil Hole Lønning, student, HiB (midlertidig fram til formelt val er gjort i parlamentsmøte i oktober)
- Sverre Åge Dahl, adm. dir. i Samfunns- og næringslivsforskning (SNF) ved NHH
- Mimi Bjerkestrand, rektor på Slettebakken skole og tidlegare leiar i Utdanningsforbundet

Prosjektgruppa består av: Knut Steinar Engelsen (prosjektleiar), Gro Anita Fonnes Flaten (HiB), Bjørg Hafslund (HiB) og Randi Skår (HiSF). Dei to siste møtte ikkje.

Frå programsekretariatet: Lene Borgen Waage (HSH), Georg Arnestad (HiSF) og Anne Marthe Hanstveit (HiB). Sistnemnde møtte ikkje.

1. Om prosessen

Prosjektleiar streka under han var glad for at styringsgruppa ønskjer å vere ei proaktiv gruppe som kan vere i forkant av prosessen heile vegen. Dette er eit godt utgangspunkt.

Prosjektgruppa har ønskt å bruke Office365 som eit virtuelt diskusjonsforum og for å leggje inn tekstar og dokument. Det har vore litt problem med å implementere dette, men det skal no (i prinsippet) fungere for alle tilsette ved dei tre høgskulane. Lene vil sende individuell e-post til alle i styringsgruppa med lenkje til Office365, og vil følge opp dei som eventuelt har problem med tilgang.

Ut frå ei erkjenning av at fusjonsprosessen så langt har vore toppstyrt, har prosjektgruppa starta med å samle inn avdelingsvis empiri frå avdelingane ved høgskulane, med sikte på å få tak i «sjela til organisasjonen». Dei andre gruppene vil ikkje få våre data før prosjektgruppa har analysert dette. Første analyse skjer i møte tysdag 11. oktober. Prosjektgruppa skal dessutan ha eit to-dags seminar 10-11 november. Leveransen frå prosjektet skjer til styremøtet 22. desember. Det vert møte i styringsgruppa i *veke 46*. Lene sender ut doodle-invitasjon om dette i *veke 42*.

Det vart peikt på at prosessane hittil har vore prega av hastverksarbeid, og stilt spørsmål ved om dette kan gå utover kvaliteten, og om det finst slingringsmonn i forhold til tidsplanen som styret har vedteke. Prosjektleiar har forståing for dette. Han skal møte styret på styremøtet 21. oktober, der også dette vil bli drøfta. I styringsgruppa vart det sagt at det hastar med å få lagt

fram forslag til faglege visjonar, mål og prioriteringar, medan det med universitetsstatus hastar mindre. Prosjektgruppa må kome med nokre grunngeve val, bl.a. ut frå innspela vi har fått frå organisasjonen, og frå ulike andre kjelder, som oversyn over studieprogram, FoU-produksjon og andre målbare indikatorar på avdelingsnivå. Studiebarometeret til NOKUT er også interessant. Om styringsgruppa finn at tidsplanen er for stram, vil gruppa seie frå om dette til styret. Tidsplanen for prosjekta skal verte lagt ut snarast på fusjonsinfo.no. Alle i styringsgruppa må følgje med på denne nettstaden.

Det skal vere ei intern «innspelsrunde» om arbeidet med fusjonsprosjektet ved campus på alle høgskulane 19-20 oktober. Det vert i hovudsak organisert med ulike stasjonar med eigne bordvertar frå prosjekta. Innleiingar ved prosjektleiarane vert gjort tilgjengelig på www.fusjonsinfo.no 17. oktober.

2. Avdelingsvise samtalar (i grupper)

Det er gjennomført samtalar med representantar for alle dei ti avdelingane i dei tre høgskulane pluss representantar for dei to doktorgradsprogramma ved HiB. Erfaringane med dette er positive, folk har vore entusiastiske og godt førebudde til samtalanene. Opplegget var stramt tidsmessig. Det burde ideelt sett ha vore ein breiare prosess med utveljing av intervjuobjekt, inklusive studentar. Ein veikskap var kanskje at dette vart overlata til dekanane aleine. Men det har kome mange gode innspel frå gruppene, og ein får godt tak i strøymingane som gjer seg gjeldande. Prosessen har fungert motiverande og kanskje integrerande. Styringsgruppa gav generelt sett ei positiv tilbakemelding på denne måten å «samtale» med grunnorganisasjonen på.

Neste runde med gruppevise samtalar skal skje på tvers av institusjonane, med bakgrunn i den første analysen. Ein må då vere påpasselege med ikkje berre å velje deltakarar ut frå posisjonar i organisasjonen.

3. Presentasjon av empirisk materiale

Lene presenterte eit førebels oversyn over studieprogram, senter og program etter fagleg innretning ved dei tre høgskulane i dag. For studia ligg det òg føre talet på studentar.

I styringsgruppa var det sagt at ein kanskje her bør frigjere seg frå dagens strukturar, og tenkje framtidig organisering; eksempelvis energi og miljø. Viktig òg å få fram dei tverrfagleg relevante boksane. Det bør ikkje vere for sterkt fokus på volum, som t.d. studenttal, vi bør også ha «kvalitativ» input. Kanskje kunne vi ta utgangspunkt i ein idealmodell, der vi tenkte oss kva HVL ville ha satsa på om den vart etablert i dag? Men samtidig må vi hugse at det er utdanningane våre, og dermed også studenttalet, som er samfunnsmandatet vårt

Kvifor skal vi bruke «boksar», vart det spurt. Burde vi heller bruke «sirklar» som overlappar kvarandre? Kven er målgruppa for presentasjonen? Eit godt grunnlag for diskusjon om profil bør overskride det som finst i dag, ein må finne balansen mellom det som er godt forankra og samtidig nyskapande og kreativt.

Det ligg elles ei utfordring i å finne ut kva som ligg i boksane nedst i arket; dvs. forskning, senter og program. Har vi bibliometriske data for forskning og eksterne oppdragsinntekter, fordelt på senter og program? Forskingsbibliotekar ved HiB kan eventuelt bidra, kanskje også konsulentane i Deloitte. Lene er også i dialog med viserektor for forskning ved HiSF om dette.

Vi må også vere opptekne av kven vi er til for, bl.a. behova i dei ulike profesjonane vi utdannar til. Samtidig er folk som søker kunnskap om oss, mest opptekne av kva vi kan, ikkje korleis vi er organiserte. Vestlandet er også internasjonalt retta, korleis profilerer vi det? Korleis kan vi verte betre på dette, og på ekstern finansiering? Internasjonalisering kan også innebere å ta dei store migrasjonsutfordringane i Europa på alvor.

4. Eksterne aktørar

Det er ønskjeleg at prosjektet hentar inn informasjon frå eit sett sentrale eksterne aktørar som vil vere viktige i utforminga av høgskulens rolle og oppgåver. Det vart her peikt på ulike typar aktørar vi bør snakke med:

- Fylkeskommunen/kommunane, som er viktige arbeidsgjevarar, særleg dei store kommunane
- Ekspertisen i ulike organisasjonar som har status som NCE, Arena-senter osv. på Vestlandet
- Helsefag/sjukehus/Helse Vest
- Næringsorganisasjonar, organisasjonar i arbeidslivet, BTO
- Energisektoren, Vegvesenet
- UH-sektoren elles
- Fylkesmannen
- Og kva for nivå skal ein eventuelt snakke med i verksemdene?

Det vart òg peikt på at dei fleste av organisasjonane gjerne har eit kortsiktig perspektiv, medan vi som høgskule skal tenkje lenger, gjerne i eit 20-30 års perspektiv.

Medlemmene i styringsgruppa vart oppmoda om å melde inn namn på aktuelle personar i ulike organisasjonar til prosjektleiaren Knut Steinar. Geir Anton har alt gjort dette.